



Tor Danielsen
Leknesvegen 209
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15301 - 20/63479

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
08.10.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 196/69 Midtgård

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 196/69
Tiltakshavar: Tor Danielsen

Alver kommune har den 09.09.2020 motteke melding frå Norva24 Vest AS om at det ved tømning den 01.09.2020 vart registrert framandelement (mykje filler) i septiktanken på eigedommen din, med adresse Leknesvegen 209, 5915 Hjelmås. Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i septiktanken kan også føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Dersom ein septiktank ikkje blir tømt regelmessig kan slam og avfallsstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet.

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at *«(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning»* uten at det er gitt løyve.

I medhald av forureiningslova § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen påleggje den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, oppmodar me deg til å ikkje kaste våtserviettar el. lignande i sanitærutstyr.

Dersom dette fortset, vil framtidig tømning av tanken bli vanskeleggjort og kan føre til ein ekstra, unødvendig kostnad for deg.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til:

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Med vennleg helsing

Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tor Danielsen

Leknesvegen 209

5915

HJELMÅS